


Reisebrev frå Erfurt august 2024



På Flesland – klare for avreise

28. juli reiste åtte flotte elevar til **Erfurt**. Dei har funne seg til rette på internatet og i byen. Elevane har lært å ta bybane, buss og tog og dei har vore fleire gongar på matbutikken for å proviantere. Det er veldig kjekt å sjå korleis dei tek ansvar for seg sjølv og for kvarandre!



Elevane har fått rom på Internat 1 i Gispersleben.

Laurdag reiste vi til **Weimar** for å bli kjent med svært varierte kapittel i den tyske historia. Verdsberømte forfattarar som Johan Wolfgang von Goethe og Friedrich Schiller og komponisten Franz Liszt har budd og virka her. Teologen Martin Luther var sentral i byen og filosofar som Johan Gottfried von Herder og Friedrich Nietzsche har sett sitt preg på europeisk historie. Arkitektar med Walter Gropius sin skule for Bauhaus i føringa har vore

viktig for Weimar, og byen har vore sentral i tysk politikk, til dømes ved at grunnloven for den første tyske republikken, Weimarrepublikken, vart vedteken her.



Statue av forfattarane Goethe og Schiller.
Teateret i bakgrunnen.



Goethe – hus og hage




Pitstop i Weimar

Albert-Schweitzer-Gymnasium (ASG) hadde skulestart torsdag 1. august, men natt til fredag regna det så mykje at takrennene ikkje klarte å ta unna, og vatnet fann vegen inn i skulebygget. Fredag og måndag vart då undervisningsfrie dagar. På grunn av eit metodekurs i eit fag dei norske elevane ikkje skal ha, blir det ikkje undervisning for dei før torsdag 8. august. Vi håpar likevel at dei norske elevane får oppgåver dei kan starte med før den tid.



Gymnaset har fått ein ny avdelingsleiar som vi skal forhalde oss til, Herr Sascha Schulz, og han verkar å vere riktig mann på riktig stad, så det gler vi oss over. I tillegg tek dei to lærarane og dei ti elevane frå ASG som var i Noreg i april, seg litt ekstra av dei seks elevane som no er gjestar på skulen, og dei har mellom anna planlagt ein grillkveld 12. august.



Andreas-Gordon-Schule (AGS) tok imot oss onsdag 31. juli, og vi fekk ei lita omvising i klasseroma og verkstadromma elevane våre skal vere i. Elevane har fått skulebevis og tilgang på timeplanen sin. Skulestart her er ikkje før 26. august.



I mellomtida går elevane på språkskule og skal i praksis på Mehnert frå 12. august. Vi var innom praksisplassen og lærte bittelitt om automasjon og robotteknikk.

Alexander Theis er kontaktpersonen vår i Erfurt, og hjelper til med alt som måtte vere av fritidsaktivitetar, legebepøk og kontakt mellom internatet, skulen og elevane.



For raskt å kunne ta tak i eventuelle utfordringar som oppstår no i starten av opphaldet, reiser eg og ein kollega frå Askøy vgs tilbake til Erfurt ca. 2. september. Eg har tidlegare annonsert at vi reiser den 9., men mellom anna fordi elevane frå AGS kjem på besøk til Askøy vgs den veka, blir det no ca. 2. september. I løpet av dette besøket blir det litt undervisning i norsk vg2-pensum for dei seks som går på studiespesialiserande; vi skal mellom anna jobbe oss gjennom Soga om Gunnaug Ormstunge.

Det har som sagt vore ein svært god start på opphaldet i Tyskland, og eg er sikker på at elevane kjem til å få eit lærerikt og spanande skuleår i Erfurt.

Beste helsing frå Ann-Elin